



Abo Hage og Minigraver Service AS  
Kolåshøyen 4  
5135 FLAKTVEIT

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2913 - 17/36033

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
20.12.2017

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 137/212 Alver

Tiltak: Oppføring av kombinert lager og garasje  
Byggjestad: Gbnr: 137/212  
Tiltakshavar: Ulf Peter Lundin  
Ansvarleg søkjar: Abo Hage og Minigraver Service AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.09.2017.

Vi forstår at tiltakshavar er heimelshavar med ideell halvpart, Peter Lundin. Ansvarleg søkjer er Abo Hage og Minigraverservice. Ansvarleg søkjer er ikkje heimelshavar og kan ikkje vere tiltakshavar.

### Planstatus

Eigedommen er omfatta av reguleringsplan Alversund utmark. Gnr. 137 bnr. 13 m.fl. /planid. 1263-22011973, og ligg i område avsett til bustadføre mål, sjå vedlagte reguleringsføresegn og plankart. Planen har ikkje talfesta grad av utnytting og vert såleis å vurdere som ugyldig med omsyn dette punkt jf. planjuss 2012/1. For utbygging av område der reguleringsplanen manglar talfesta grad av utnytting har kommunen sin praksis vore å leggja utnyttingsgrada i overordna plan til grunn. Overordna plan er her kommunedelplan Knarvik-Alversund. Denne planen har heller ikkje gitt utnyttingsgrad, men eit absolutt plankrav ved utbygging, jf punkt 2.3 som gjeld byggeområde med krav om reguleringsplan.

Det kan sjå ut som om garasjen er i strid med regulert byggjegrænse. Nytt oppdatert og målsatt situasjonskart må fyllast ut, sjå vedlegg.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dispensasjon frå kravet om utarbeiding av reguleringsplan.
2. Dispensasjon frå regulert byggjegrænse.
3. Dispensasjon frå kravet om garasje skal ha maksimum grunnflate på 40m<sup>2</sup>, jf. reguleringsplan § 12.
4. Kva er formålet med lagringa? Skal det nyttast til bustad eller næring?



5. Dersom kombinert lager og garasjeskal nyttast til næringsvirksomheit eller kombinert næring og eige privat bruk, så er dette ikkje i samsvar med plan. Eigedomen er ein del av eit regulert bustadfelt. Det må såleis søkjast dispensasjon frå regulert bustadområde for bygninga.
6. Viss næring eller kombinert næring og privat bruk, så krev dette søknad om utvida bruk av avkøyrse til teknisk drift – vegavdelinga.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 22.01.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

dispensasjon  
Situasjonsplan - gbnr 137\_212  
Reguleringsplan Alversund utmark  
Plankart Alversund utmark

### **Kopi til:**

|                                   |              |      |           |
|-----------------------------------|--------------|------|-----------|
| Abo Hage og Minigraver Service AS | Kolåshøyen 4 | 5135 | FLAKTVEIT |
|-----------------------------------|--------------|------|-----------|

### **Mottakarar:**

|                                   |                |      |           |
|-----------------------------------|----------------|------|-----------|
| Abo Hage og Minigraver Service AS | Kolåshøyen 4   | 5135 | FLAKTVEIT |
| Ulf Peter Lundin                  | Rishaugane 2 A | 5911 | ALVERSUND |